

Til rettskrivingsnemnda i Språkrådet

Fråsegn om høyringsutkastet til ny rettskriving for nynorsken

Høyringssvaret er todelt. Fyrst kjem ei tolking og vurdering av mandatet, så fylgjer dei konkrete framlegga til endring.

Mandat

Mandatet har fleire punkt, men det viktigaste står i punkt 1 og 3:

Det skal lagast “ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer” (frå punkt 1).

Norma skal ha “breitt talemålsgrunnlag” som “kan appellera til språkbrukarar over heile landet” (frå punkt 3).

Mandatet er forankra i Stortingsmeldinga “Mål og meining” frå 2008, som seier (s.206):

Det må likevel leggjast til grunn at nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar.

Vi veit at desse prinsippa ofte vil stå i motsetnad til kvarandre når det skal gjerast konkrete val. Dialektmangfaldet er framleis stort i Norge. Til no har vi hatt eit system som tok vare på ein del av dette mangfaldet gjennom ein del jamstilte former og mange sideformer. No må vi klare oss utan sideformene, det har lenge vore eit ynske/krav frå departementet. Kor mange jamstilte hovudformer treng vi då, og kva betyr formuleringa “enkel, tydeleg og stram” i normeringssamanheng?

Stram er eit uvanleg ord om språk, truleg valt i staden for det noko belasta ordet “trong” frå tidlegare debattar. **Tydeleg** og **enkel** peikar i ei litt anna lei enn “stram”: Eg forstår det som at systemet skal vere rimeleg oversiktleg og lett å bruke. Kanskje kunne ein seie at orda skal vere lette å gripe til? Her kjem valfridommen inn.

At talemålgrunnlaget skal vere **breitt**, slik at folk frå **heile landet** kjenner seg igjen, må bety at ein skal ta inn i norma talemålstrekk frå heile landet, også frå område der ikkje så mange brukar nynorsk til dagleg.

Arbeidet til nemnda

Arbeidet i nemnda må ha vore ein vanskeleg **balansegang** mellom dei ulike omsyna, og eg vil rose dei for å ha **vist godt skjøn** i mange avgjerder.

At dei har vore i **tvil**, ser vi av endringar som er gjorde frå fyrstebehandlinga til endeleg utkast, f. eks. i ord med *y/ø*. Ord som *bylgje* og *sylgje* var ute ei stund, men no er dei

foreslått jamstilte med *bølgje* og *sølgje* (Ja takk!). Det er derimot ikkje ord med vekslinga a/o, som *harv/horv* eller *maske/moske*.

Nemnda har tatt inn **dobbeltformer** i mange ord, og det er eg glad for. Det vitnar nettopp om at dei vil ta omsyn til heile landet – og til nye generasjonar med litt andre språkvanar. Ved å ta inn fleire dobbeltformer (som ovanfor) kan endå fleire få gleda ved å finne orda sine att i skriftspråket.

I det seinare år har fleire **unge forfattarar frå bokmålsområde** tatt i bruk nynorsk som skriftspråk. Eksempel kan vere Carl Frode Tiller frå Namsos, Sigmund Løvåsen frå Trysil, Arnfinn Kolerud frå Romsdal. (Dag og Tid ramsa opp 10-12 nye i ein artikkel for eit par år sidan.) Mange av desse bruker sideformer som no er “utryddingstrua”. Vi må for all del ikkje skremme desse og andre, framtidige skribentar vekk frå nynorsken med å vere for “stramme” (i maska).

Det blir vist til at berre i skulen og i det offentlege er ein forplikta til å fylgje norma, og forfattarane kan skrive slik dei vil. Men dei fleste av oss vil då skrive “rett”! Det er viktig at norma får autoritet og blir brukt, at ikkje dei beste skrivarane må bli normbrytarar!

Fordi det er, og må vere, så mykje skjøn med i bildet, reknar eg med at det er godt rom for **justeringar**, og at høyringa vil vere viktig i så måte. Eg merkar meg at Grete Riise, leiaren i nemnda, uttalar i Dag og Tid 4.2.11 at “Me har stroke ein god del klammeformer og hovudformer og lagt mindre vekt på talemål.” At det no er lagt mindre vekt på talemålet, sa Riise også i innleiinga på høyringsdagen 21.2.11. Med tanke på mandatet burde det då vere rom for **justeringar i talemåls lei**.

Konkrete kommentar:

-leg/-lig

Ein leggje vekt på bruk i dialekt og nynorsk i dag og seie “Ja takk, begge delar”, men eg finn endinga –lig mindre viktig og stør forslaget om å kutte ho ut.

Former med og utan j i infinitiv og hokjønn: eks: **legge/leggje, søke/søkje, brygge/bryggje, enke/enkje**

Begge formene står sterkt i tale som i skrift. Særleg dei unge brukar ofte j-lause former, også vestlandsforfattarar som Frode Grytten, Gunhild Øyehaug og Brit Bildøen. Viktig at valfridommen får rå her!

Køyre/kjøre, draum/drøm og andre dobbeltformer

Nemnda har tillate dobbeltformer i nokså mange ord. Ein del av dei som har fått dobbeltformer, er perifere ord som *mudd/mutt* eller *tvore/turu*. Det må vere viktigare å ta inn mykje brukte former som *kjøre*, *drøm*, *føre*.

Eg har sett på språket i siste boka til Carl Frode Tiller, og han gjer i stor grad bruk av sideformer som *drøm, kjøre, høre*. Han bruker også *sitt* og *satt*. Det gjer også Løvåsen, dessutan har Sigmund Løvåsen kløyvd infinitiv.

Frå s. 37 til side 45 i innstillinga er det gjennomgått mange enkeltord med vokalveksling, som no har dobbeltformer. Det er ikkje alltid like lett å skjønne kvifor ei form er stroken, og ei anna har fått stå. Eg er ikkje så redd for veksling på dette nivået; brukarane vil gripe til den varianten dei kjenner. I alle fall vil eg drage fram nokre former som eg vil sakne frå min dialektståstad: *alter, hjerte, horv, longe, tropp, mør, spjut, ikorn*. Eg synest også vekslinga mellom *-an-* og *-a-* bør takast vare på i ord som *heima(n)frå* osv..

Dei mykje brukte orda *mye, noe, skole* vil eg også ta opp her. Nemnda argumenterer for at det er rimeleg med dobbeltformer i høgfrekvente ord (s. 82-83). Då blir det merkeleg at desse skal haldast utanfor, og særleg fordi dei har vorte signalord for mange på Austlandet og i Trøndelag.

Samsvarbøying

Forslaget er ei forenkling. Få meistrar samsvarbøyinga heilt og fullt. Eg har knapt hatt ein elev som har greitt det. Det er all grunn til å gjere noko med dette systemet, og forslaget kan vere brukande.

Kløyvd infinitiv

Dette er eit viktig identitetsmerke for ein del trøndske og austnorske brukarar. Det har tradisjon i skriftspråket og skaper ikkje vanskar for oss andre. Det bør absolutt bli med i rettskrivinga vidare.

I-målet

I-målet representerer Aasen-tradisjonen. Det har lenge vore marginalt som bruksmål, men er viktig for nokre få brukarar. Bruken i dag er ofte ideologisk fundert. Det er eit omfattande system, som gir sterkt særpreg i språket til dei som nyttar det. Meir enn dei fleste formene som blir diskuterte her, står det fram som ei konkurrerande norm.

Fordi det er så få brukarar og så markant og omfattande, går eg inn for å late i-målet gå over i historia.

Eg vil også stø at supinumsform med *-i* får stå i rettskrivinga.

Vinstra, 25.2.11

Turid Kleiva